



Sogn og Fjordane fylkeskommune

Ved: Fylkesordføreren

Deres ref: 05.11.2014

Vår ref:

Vår dato:

14.11.2014

NAV sin bruk av flyplassane i fylket

NAV har følgjande einingar i Sogn og Fjordane:

- i alle kommunane: NAV kontor
- på Leikanger: NAV Sogn og Fjordane (fylkeskontoret overordna NAV kontora)
NAV Arbeidslivsenter Sogn og Fjordane
NAV Økonomitjenester (landsdekkande tenester)
NAV Kontaktsenter (landsdekkande tenester)
- i Sogndal NAV Forvaltning Sogn og Fjordane
- i Førde NAV Forvaltning Sogn og Fjordane
NAV Hjelpemiddelsentral Sogn og Fjordane

Denne strukturen fører til at vi i all hovudsak nyttar Sogndal Lufthamn, Haukåsen og Førde Lufthamn, Bringeland. Vi har i tillegg sporadisk bruk av dei to andre flyplassane ved reiser initiert av NAV kontora, men dette utgjer ein svært liten del av trafikken vår samla sett.

Bruk av flyplassane i 2014 (data frå vårt økonomisystem)

Kjøp av flybilletter

Pr. 10.11.14	Kr 1 130 000,-
Stipulert 2014	Kr 1 250 000,-

Tal reiser

Pr 10.11.14	334 (tur/ retur i all hovudsak)
Stipulert 2014	365

Fordeling på flyplassar

Sogndal, Haukåsen	280
Førde, Bringeland	65
Sandane, Anda	} 20
Flora	

NAV // NAV SOGN OG FJORDANE

Postadresse: Sognefjordvegen 56 // 6863 LEIKANGER

Besøksadresse: Sognefjordvegen 56 // 6863 LEIKANGER
Tel: 57 01 55 20 // Faks: 57 01 55 21

www.nav.no // nav.sognogfjordane@nav.no

Destinasjon Oslo eller Bergen?

Dette kan vi ikkje talfeste, men reisene til Bergen med fly utgjere nokre få prosent av alle. Alle einingane våre har «hovudkontor» i Oslo og møte og møtepunkt vert difor Gardermoen-Oslo området i svært stor grad. Skal vi vidare nordover eller sørover med fly går dette også i svært stor grad via Gardermoen. I tillegg kjem sjølv sagt at bil/buss/ekspresbåt til Bergen ofte er eit fullgodt alternativ til fly både på pris og tidsbruk.

Leiarane ved einingane peikar på at «nærflyplassen» er svært viktig, særleg for tur/ retur reiser på ein dag. Tilbodet som vi har i dag gjer at bruttotidsbruken på eit møte i Oslo er rimeleg grei fordi reisetida til flyplassen er ein time eller mindre. Færre flyplassar med lenger reisetid til flyplassen vil føre til større bruk av dagfly/kveldsfly med påfølgande overnatting. Som det går fram av tala over er Sogndal – Haukåsen avgjerande viktig for NAV-miljøa på Leikanger, fordi reiseavstanden til alternative flyplassar i fylket er for lang. Nedlegging av Sogndal-Haukåsen vil i stor grad redusere sjansen for å skape nye arbeidsplassar innanfor NAV i konkurranse med resten av landet. Men vi registrerer samstundes aukande frustrasjon over manglande kapasitet på dei mest tenlege tidspunkta for dagsturar.

Med helsing

Tore Thorsnes
Direktør NAV Sogn og Fjordane